

Styret dette året har vore: Knut Medhus, leiar, Torstein Seim, nestleiar, Ola Ruud, kasserar, Gro Vindegg og Karin Sundberg, styremedlemmer. Maila Haugen Bersaas og Torleiv Ødegård, varafolk.

Møter – vandringar: 2025 har me hatt desse møta:

- 23. januar: Brit- Mari Sletto om goffa Jens driftekar og handelskar, Tore Dag Skjerdal om fehandelen mellom Aurland og Hol.
- 13. februar Anne Mette Strand om Sølvs-katten
- 13. mars: Sparken – Tor Gotaas
- 10. april Marit Angeltvedt om «Nausten». På Vika 42 frammøtte
- 15. mai Eva Almhjell om «plasskvinner» i Hovet og Sudndalen – på Ingers kro – 40 frammøtte
- 1. juli Opning av utstilling om utvandringa til Amerika på Tingstugu. Sett av 1200 i løpet av sommaren. Gudrun Bøthun, Maria S. Wick og Torstein Seim hadde innlegg på opninga. Stor takk til Utstillingsnemnda Gro, Torstein og Karin.
- 13.-15. juni Tur til Finnskogen med full buss – ein spennande og vellykka tur.
- 25. september Lansering av boka som Eva Almhjell skreiv. «Alt hvad Folket i disse Bygdeer maa kunne». 60 frammøtte på Vika.
- 9. oktober Om arkeologiske undersøkingar i Holsvassdraget og Rødungen med besøk av mange fagfolk som hadde vore med på utgravingane. 80 frammøtte på Bygdahall.
- 6. november Arnt Erik Fønhus om Mikkjel Fønhus samt lansering av årets kalender og årbok.  
75 frammøtte Vika
- 4. desember Magnus Lindahl om Paradislandet Amerika. 50 frammøtte.
- Vandringar: Desse vart leia av Torstein Seim og Karin Sundberg. Vandringane gjekk til Helgesetlia, Ustedalen, Fekjo, Ustaoset og til Hivjudalen. Varierende frammøtte.

Styresaker elles: Det er inngått avtale med Magne Eggen om lagerplass for historielaget sine bøker.

Etter avtale med Eva Almhjell ga laget ut boka ho har skrivi om «Kvinneliv i arbeid, synd og nøysemd i Øvre Hallingdal.

Boka Brev heim er gitt ut i Amerika i samarbeid med ein privatperson der. Arbeidet med Flyfotoboka har fått nytt liv og er no under arbeid hjå grafiker!

Salet av historielaget sine bøker går jamt og trutt, og etter at me melde oss inn i Bokbasen blir det selt ein del andre stader i landet også. Bokproduksjonen er den økonomiske berebjelken i laget.

Medlemstalet ved utgangen av året var 111 einskildmedlemmer og 83 familiemedlemmer.

3576 HOL 19.1.2026

Knut Medhus  
Ruud

Torstein Seim

Gro Vindegg

Karin Sundberg

Ola

